



Frå open dag på det nye Rosendalstunet. Leif Kongestøl inviterer frivillige som kan vera med å skapa aktivitetar på Rosendalstunet og som kan vera ei støtte for eldre heimebuande.

**På onsdag var det eit ope møte om frivillig arbeid i høve til bebuarar på Rosendalstunet og heimebuande eldre. Frå Uskedal Helselag møtte tre medlemmer til orientering og drøfting om organisering og gjennomføring av frivillige tiltak for denne gruppa. Det har til no ikkje vore organisert arbeid mot heimebuande eldre i Uskedalen.**

Berre 10 personar hadde funne vegen til møtet. Av desse var vi 3 frå Uskedal helselag: Selma Eik, Marit Hauge og Eli Roseth Eik.

Leif Kongestøl informerte om at det vert arbeidd med Frivilligplan for kommunen. Planen vil ta med alt innan idrett, kultur, anna lagsarbeid, sosiale møteplassar osv. Han presiserte at frivillig arbeid vert rekna med. Det tar seg også bra ut å kunna føra opp frivillig arbeid på CV.

Kafe Tiaren vert rekna som ein god, dugnadsbasert sosial møteplass. Han peika elles på at det ikkje har vore organisert frivillig arbeid mot heimebuande i Uskedalen. Kanskje nokon treng ein eigen turven, transport til Kafe Tiaren, fylgje til lækjar eller frisør, telefonven osv. Slike ynskje kan meldast til heimetenesta som tek det vidare. Her trengst det då frivillige i bygda til å utføra slike tenester. Dei, som har nokre ledige timar, kan melda seg til Leif Kongestøl eller Ellen Korsvold. Ein seier sjølv kva ein kan gjera og kva dag ein har tid, ein eller fleire gonger i månaden.

Ynskjet er at Rosendalstunet skal bli eit ope, levande tun. Kantina er open for alle. Her kan ein kjøpa kaffi og noko å bita i. Ved sida av matsalen er det møterom. Dette kan nyttast av alle. Det vil bli

utarbeid brukarliste etter kvart som tingingar kjem inn. Det vil koma bufellesskap på tidlegare skjerma avdeling.

Tanken er at dette høver for dei som er for friske til sjukeheimplass, men ikkje heilt i form til å bu åleine. Det vart snakka om aktivitetar som baking, strikkekafé og lesestunder. Alt som skapar liv i huset er velkome. Her er det ikkje sett grenser for kva ein kan gjera. Kongestøl nemnde t.d. på om vi kjenner nokon som driv med steinsliping.

Leilegheita i Spania vart nemd. Her er det ynskje om fleire leigetakar. Er nokon interessert i den, er det berre å kontakta Ellen Korsvold.

Tekst: Eli Roseth Eik

Foto/nett: Kristian Bringedal



Denne trioen representerer noko av det saka gjeld: Reidar Myklebust ( frivillig ), Ola Matti Mathisen ( brukar ) og Rune Sandnes ( avdelingsleiar Rosendalstunet ).